

møte
mellom
mennesker

VANG
FRIVILLIG
SENTRAL

Årsmelding 2023

Vang frivilligsentral



I 2023 feira vi 10års-jubileum!
Vi evaluerte også drifta, og saman med
Innovangsjon ga vi ut eit flott magasin
med presentasjon av 32 frivillige lag.

Hovudmål: Vere drivkraft for frivillig verksemd i Vang
Visjon: Saman skaper vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn

Delmål og satsingsområder i handlingsplanen:

Delmål 1: Førebygge einsemd og bygge fellesskap på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser

Opne møteplassar, aktivitetar og arrangement

Sentralen heldt ope 3 dagar i veka.

I samarbeid med helsestasjonen har vi hatt barseltreff annankvar måndag, med godt oppmøte. Etter omgjerding på galleriet har dei halde til i barneavdelinga, noko som opplevdest som litt trangt. 2 frivillige har hatt kvar sin språkkafe: kvar veke på mottaket og annankvar veke på biblioteket. 5 frivillige i 'middagsgjengen' har servert middag på Storploggen kvar søndag. 5 frivillige har øvingskøyr 35 turar med 3 elevar.

I samarbeid med folkehelsekoordinator og andre har me arrangert to nærturar, med mål om å oppdage nye stigar og bli kjent med nye naboar. Tore Hovda guida første tur ved Nordsvinsfjorden, og Oddbjørn Skeie guida langs kongevegen i Øye, med påfølgande besøk på låvemuseet til Aud Kvale.

Saman med gode samarbeidspartnarar har vi arrangert 23 enkeltarrangement. Til saman deltok om lag 2300 på desse arrangementa og dei faste aktivitetane. (sjå s 6-7)




Hjelpeoppdrag og digihjelp

Vi har utført ein handfull hjelpeoppdrag, arbeidet med å systematisere dette i InVi er utsatt til 2024. Digihjelp er igangsatt, sjå Leve heile livet.

Evaluering og 10års-jubileum

I høve 10års-jubileet, samt at BUA skulle evaluere etter 2 år, har vi evaluert drift, satsingsområde og potensiale for framtida. Måla var å finne ut kva posisjon frivilligsentralen har i Vang pr i dag, og kva vi bør satse på framover for å oppnå vårt hovudmål. Vi valte fire målgrupper og metodar:

- 1 Innbyggjarane generelt – gjestebod
- 2 Aktive frivillige i frivilligsentralen – intervju
- 3 Frivillige lag – digital spørjeundersøking,
- 4 Ungdommar – spørsmål til ungdomsrådet ang BUA. Evalueringa kan du lese på våre nettsider.



I mars feira vi 10års-jubileum med musikk, talar, og stands der frivillige og samarbeidspartnarar presenterte våre aktivitetar. Ei utstilling med foto frå 10 års drift vekte mange gode minner.

Delmål 2: Vere eit bindeledd mellom frivillig, offentlig og privat sektor, og ein støttespelar for frivillige lag og andre arrangørar

Marknadsføring/rådgiving

Vi har bidratt med plakatar og anna marknadsføring til arrangement i regi av ulike lag, og lånt ut lokala ved behov. Vi har også bistått ved søknadsskriving og hatt tett dialog om foreningsportalen.

Lokalvalsdebatt

Før kommunevalet arrangerte vi lokalvalsdebatt saman med biblioteket og Avisa Valdres, der liste-toppane i dei 5 partia vart utfordra på aktuelle emner foran ein fullsatt sal og livestream på nett.

Inkluderande frivilligheit

Saman med Innovangsjon og folkehelsekoordinator jobba vi vidare med synleggjering av frivilligheita og aktivitetstilbodet i Vang.

Foreningsportalen som vart lansert i desember 2022 vart vidareutvikla og lenka til aktivitetskalenderen (kva skjer) på vangivaldres.no.

16 nye lag vart intervjuet, og dei til saman 32 presentasjonane vart samla i eit flott magasin som vart distribuert i alle postkasser rett før jul.



AlleMed / Aktive saman / Fritidskassa

To familiar har fått oppfølging i Aktive saman, med frivillige som hjelper familien med transport til og frå aktivitet.

I samarbeid med FK Vang, Vang læringssenter og folkehelsekoordinator gjentok vi tilbodet om Tine fotballskule på Blåbærmyra i juni. 23 ungar meldte seg på felles transport, og 9 av dei fekk dekket kontingenten gjennom fritidskassa.

Leve heile livet

Vi har vore med i prosjektgruppa for reformen *Leve heile livet*, seinare avløyst av ny reform *Bu trygt heime*. Der er sentralen involvert i satsingsområdet *Levende lokalsamfunn*, med mål om å skape aldersvennlege samfunn gjennom nye møteplassar og å motverke digitalt utanforskap.

Innspelsmøte med seniorar i mai resulterte i 2 treff med middag og aktivitetar på Tyinkrysset.



I august starta vi opp to digi-kaféar for å hjelpe folk med data og mobil:

kvar måndag der 3 ungdommar er tilsett som digi-vertar, og fyste onsdagen i månaden med frivillige vaksne digi-vertar.

Det har 'berre' vore 1-2 deltakarar på desse treffa, trass aktiv marknadsføring og sondering med målgruppa i forkant. Vi trur behovet er der og gir tilbodet tid til å bli godt etablert.

Delmål 3: Inspirere lokalsamfunnet i arbeidet med bærekraft, mangfold, solidaritet, likestilling og inkludering.

BUA

I februar feira vi 2årsdag i BUA!

Vi har hatt bra utlån gjennom heile 2023: totalt 1544 utlånte artiklar fordelt på 473 lån, av 145 unike låntakarar. Heile året har vi hatt 2 timer opningstid pr veke + etter avtale.

AlleMed-koordinatoren hadde ansvaret fram til ho slutta i mars. Etter dette har vi tilsett medarbeidarar som snakkar både norsk, engelsk og ukrainsk, dette har vore ei stor styrke for å betjene ei stor gruppe ukrainske lånarar i tillegg til alle andre.



Det tillitsbaserte utlånet av VBU sine hockeyskøyter på Joker Ryfoss var populært også i 2023, med totalt 38 utlånte par i januar, februar, mars og desember. Vi utvida med tilsvarande utlån av diskar til den populære diskgolfbana i Ryfoss, med 30 utlånte sett frå juni til oktober.

Vi arrangerte akedag i vinterferien, sommarfest, og aktivitetsdag i høve TV-aksjon, saman med gode samarbeidspartnarar.

I desember mottok vi saman med dei andre BUA-ene i Valdres og Hallingdal 20.000 kvar frå Sparebank1 Hallingdal/Valdres.



TV-aksjonen

Årets TV-aksjon gikk til Redd Barna sitt arbeid for barn som er ramma av krig og konflikt. Frivilligsentralen koordinerte den lokale komiteén samt 4 områdeleiarar som rekrutterte 26 bøsseberarar.

Vi hadde temakveld, og aktivitetsdag på VBU med utstyr frå BUA. I tillegg vart det arrangert Vaffellunsj på 1724 og ringerunde til bedriftene, samt at inntekter frå FN-dagen på VBU gikk til formålet.

Til saman vart det gitt kr 147 985,- frå Vang som ga ein 5. plass i fylket og 50. plass på landsbasis.

Julegåvedugnad

Også i år var det stor givarglede i Vang, og alle under 18 på mottakssenteret og læringscenteret fikk kvar si rikholdige julegåve.



Alle tiltak vi er involvert i er eksempel på bærekraftsmåla, enten det handlar om å skape mindre ulikheit, stimulere til sirkulærøkonomi gjennom BUA, eller å bidra til god helse og livskvalitet gjennom sosiale fellesskap og meningsfulle aktivitetar.

Økonomi

I 2022 fikk vi 471 198,- i statstilskot. Samla driftsregnskap: 495 799,-

Tilsette

Marte Tangen: Dagleg leiar. 20% permisjon grunna styreleiarverv i Norges frivilligsentraler

Lene Rogn Lokreim: AlleMed-koordinator 50%, fram til mars

Inger Kongslie Tveit: Frivilligkoordinator 40%, frå februar

Yana Dekhtiarenko: Medarbeidar i BUA, rammeavtale, frå mars til juni

Yehor Borodin: Medarbeidar i BUA, rammeavtale, frå juli

I desember vart stillinga som frivilligkoordinator 50% vedtatt fast, frå februar 2024.

Frivillige

35 frivillige har utført om lag 690 timar med frivillig arbeid for sentralen dette året.

Av desse er 16 kvinner og 19 menn. 3 er bebuarar på mottaket. 20 er pensjonistar.

19 av 29 frivillige med faste oppdrag samt styre, tilsette, ordførar og valkomité (til saman 27 stk) deltok på julebord på Mjøsvang kafé.

Styre og årsmøte

Hovedutval for levekår (HUL) er sentralen sitt øvste organ. Årsmøte 2023 vart halde 7. mars.

For 2023 vart følgjande styre valt:

Kari Hagaseth (styreleiar)

Oddbjørn Skeie (rep. frå adm.) til juni

Caroline Solie Bryntesen (rep. frå adm.) frå juni

Elisabeth Myhre (rep. frå HUL)

Helge Lajord

Björg Lerhol

Marie Hermundstad

Odd Ivar Kirkeengen

Mina Synøve Blom Haaverstad (vara)

Styret har hatt 5 styremøter, samt bidrege på julegåvedugnaden og enkelte arrangement.



Regionalt og nasjonalt arbeid

Valdres nettverksgruppe har hatt 4 møter i 2023. Gruppa følgjer kommunedirektørutvalet sin vertskapsmodell; Vestre Slidre var leiar vårhalvåret og Vang på hausten.

I desember heldt dagleg leiar ein presentasjon for etatsjefane for kultur og oppvekst i Valdres, på vegne av frivilligsentralane i nettverket.



Dagleg leiar er styreleiar for Norges frivilligsentraler og frikjøpt i 20% stilling.

I 2023 har vervet i tillegg til styremøter inkludert grunnkurs for nye daglege leiarar, møter med mellom anna KS, Frivillighet Norge og Distriktssenteret, opning av og panelsamtale på fagkonferanse, deltaking på Kulturytring i Drammen og Arendalsuka, samling i Århus med våre svenske og danske søsterorganisasjonar, nettverksleiarsamling, samling med fylkeskontakter, og møte med kulturministeren.

Arrangement og møteplassar som frivilligsentralen arrangerte/var delaktig i

BUA feirer 2 år (i BUA)	23. februar	30
Kreative dagar - støttespelar for biblioteket	28.2.3.3	18
Akedag (bak mottaket) - samarbeid med mottaket	2. mars	50
10års-jubileum	20. mars	60
Jøden og jorden (VBU) - støttespelar for biblioteket	30. mars	280
Den store klesbyttedagen - samarbeid med biblioteket	22. april	100
Konsert med Malin Johnson	26. april	50
Sommarfest (nedanfor Vangstunet) - samarbeid med Vinjerock og mottaket	10. juni	150
Valdebatt - samarbeid med biblioteket og Avis Valdres	30. aug	120
Nærtur: Nørsvinsfjorden - samarb. folkehelsekoordinator og Vang historielag	7. sep	12
Leva heile livet-treff (Tyinkrysset fjellstue) - samarbeid med Leva heile livet	28. sep	20
Nærtur: Kongevegen - samarbeid med folkehelsekoordinator og Vang turlag	4. nov	23
Generasjonstreff/Verdsdagen for psykisk helse - samarb. bib./psykisk helse	10. okt	40
Aktivitsdag for TV-aksjon (VBU) - samarbeid med VBU	13. okt	40
Temakveld for TV-aksjon	18. okt	25
Leva heile livet-treff (Tyinkrysset fjellstue) - samarbeid med Leva heile livet	26. okt	15
Lokalsal av Vinjerockbillett (i BUA) - samarbeid med Vinjerock	27. nov	20
Språkkafétur (Ristetun)	3. des	20
Generasjonstreff med juleverkstad - støttespelar for biblioteket	5. des	10
Bokkveld - støttespelar for biblioteket	6. des	80
Julebord for frivillige (Mjøsvang kafé)	7. des	25
Luciafrokost - støttespelar for biblioteket	13. des	50
Juleavslutning språkkafé (Mjøsvang kafé)	13. des	25
Gitarkurs - samarbeid med biblioteket	7 x 3	21
Barseltreff - samarbeid med biblioteket og helsestasjon	18 x 10	180
Digi-kafé - samarbeid med biblioteket og Leva heile livet	14 x 1	14
Språkkafé - samarbeid med biblioteket og mottaket	55 x 15	825

Om lag 2300 deltok på arrangement og aktivitetar frivilligsentralen arrangerte/var delaktig i.



Akedag



Nærtur: Kongevegen



Generasjonstreff/Verdsdagen for psykisk helse



Sommarfest



Malin Johnson



Den store klesbyttedagen



Aktivetsdag for TV-aksjon



Valdebatt

Tusen takk til alle frivillige som stiller opp <3



TV-aksjon; bøssebærarar / områdeleiarar, og bøsseklargjering med læringscenteret



Dugnad og vedlikehald i BUA



Språkkafe på julemarked



Julebord for dei frivillige

Kontakt

frivilligsentralen@vang.kommune.no
vang.frivilligsentral.no
bua.no/utlansordninger/bua-vang

46 81 64 73
facebook.com/vangfrivilligsentral
facebook.com/BUAVangiValdres